



Bjarne Nævdal
Mykingvegen 529
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3834 - 14/9846

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
02.05.2014

Godkjent endring av løyve - gbnr 24/123, Fammestad - tilbygg garasje

Vedtak

Kommunen gjev løyve til endring av allereie gitt løyve i samsvar med teikningar og situasjonskart mottatt 24.04.2014. jf plan- og bygningslova (pbl) § 93.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida er gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk.

Søknaden

Det er søkt om ferdigattest for tiltaket. Søknaden syner at det er gjort endringar i bruksareal (BRA). Teikning «revidert 31.03.2014» vedlagt søknaden, syner at tilbygg garasje har BRA på 40 m².

Sakshandsaming

Saka vert handsama etter plan- og bygningslova av 1985.
Ferdigattest vert gjeve i eige løyve.

Saksgang

Løyve til tilbygg garasje med BRA på 32 m² gjeve 21.11.2008.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 93.
Nytt nabovarsel er datert 30.01.2014.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

10.2 Pbl §20-1	Gebyr
10.2.8 Endringar i løyve	Kr. 2.800,-

Klagerett.



Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjarne Nævdal

Mykingvegen 529 5913

EIKANGERVÅG